

## Referat frå årsmøtet i Besteforeldrenes Klimaaksjon Arktis 17.03.2022

14 frammøtte medlemmar.

1. **Årsmeldinga:** Ingunn refererte frå årsmeldinga som på førehand var sendt ut til medlemmane. På s, 2, under avsnittet «Kontakt med BKA-medlemmar» skal det føyast til: (Tillegg til det opphavlege er sett med feit skrift.) Aktiviteten er dessverre framleis konsentrert til Tromsø, sjølv om lokallaget har medlemmar i heile fylket. 8. juli hadde Asbjørg og Toril **val**stand i Finnsnes sentrum for Besteforeldreaksjonen. **På førehand var det informert om standen til medlemmane i Sørreisa, Finnsnes og Dyrøy.** Men til no har lokallaget ikkje fått kontaktpersonar for BKA utanfor Tromsø. Det må bli ei viktig sak i 2022. (Tillegg til det opphavlege er sett med feit skrift)
2. **Reknskapen** blei presentert av kasserar Synnøve, og godkjent utan kommentarar.
3. **Forslag til vedtaksending.** Styret, ved Ingunn, foreslo namneending på lokallaget vårt, og forslaget blei vedtatt. Det nye namnet er: Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms.
4. **Val av nytt styre.** John Gustavsen frå valkomiteén la fram forslag til nytt styre. Alle fem i det førre styret har sagt seg villig til å fortsette. I tillegg blei eit nytt styremedlem og tre nye vararepresentantar valt.

Styret: Synnøve des Bouvrie

Ingunn Elstad

Asbjørg Fyhn

Asbjørn Gimse

Toril Jensen

Grete Mathiesen

Vara: Torstein Arntsen

Reidar Høifødt

Henrik Madsen

Styret konstituerer seg sjølv.

5. **Fokusområda i arbeidet framover:** Vi vil halde fram med arbeidet mot olje-og gassproduksjon, med hovudvekt på verksemda i Barentshavet. Vi skal også arbeide for Nord-Norgebanen. I styret har det vore diskusjon om i kor stor grad vi skal jobbe med forsvarspolitiske spørsmål. Det gjeld særleg engasjementet rundt den militære installasjonen på Tønsneset. Dette spørsmålet blei tatt opp på møtet, med innlegg frå Asbjørg og Synnøve. Stemninga på årsmøtet tilseier at vi ikkje skal ha standpunkt mot/for NATO. Vi skal avgrense oss til å jobbe med den potensielle klimafaren som følgjer med å ha ei ubåthamna så sentralt nær byen. Og vi skal vere støttespelarar til NAM (Nei til Atomdrevne Militærfartøy).

Skrivar: Grete